

# Evaluering av Politisk styringsstruktur og reglement for Lindås kommune 2015

Arbeidsgruppa er nedsett av kommunestyret og har vore samansett slik:

Leif H Sleire – leiar KRF  
Nina Bognøy – nestleiar AP  
Nina Stabel Øverås Frp  
Aashild Halland V  
Jan Erik Hope H  
Jostein Hellestveit Sp  
Frå administrasjonen  
Ole Georg Hoaas  
Tove Mette Fyllingen

Arbeidsgruppa har hatt 3 møter, og gruppa har også bedt utvala som er omtalt i dokumentet komme med innspel til evalueringa.

## **0 – Innleiing.**

Gruppa har ingen kommentarar til dette kapitlet

### **1 – Politisk styringsstruktur 2011 – 2015.**

Gruppa meiner at strukturen pr i dag har fungert etter intensjonen, og meiner denne kan vidareførast. Det har komme innspel frå Eldrerådet om at ein bør slå saman Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Begge desse råda er lovpålagte organ, og arbeidsgruppa rår til at ein fortsett med dagens praksis. Ein vil likevel påpeike at råda bør vurdere å ha fellesmøte dersom det er saker som ein kan vere tent med å ha felles drøftingar om. Det er opp til råda og leiarane i desse å ta initiativ til slike møter.

### **2 – Reglement for kommunestyret i Lindås.**

Arbeidsgruppa har bede administrasjonen gå igjennom reglementet opp mot gjeldande lovverk, og evt komme med forslag til endringar der det er nødvendig. Endringar vil bli fremja som eiga sak til kommunestyret – medan anbefalingar vil fylgje denne saka.

#### **§4 – Innkalling til møte. Dokumentutlegging**

Endrast til gjeldande praksis –eiga sak til kommunestyre

#### **§5 – Møteplikt – forfall – varamedlemmer.**

Arbeidsgruppa diskuterte utfordringar i forhold til møteplikt og innkalling av vara. I forbindelse med opplæring til kommunestyret må ein ha ein grundig gjennomgang av temaet, og det er også viktig at kvart enkelt medlem informerer sin arbeidsgivar om møteplikt i forhold til å ivareta offentlege verv. Utan at det er nedfelt, kan det vere tenleg at gruppeleiar har ei aktiv rolle med å sørgje for at medlemmer og vara møter og er godt førebudd til møta.

#### **§7 – Møteleiar. Opne/stengde møte. Teieplikt**

Vedr. teieplikt – endring i eiga sak.

#### **§14 – Taletid og slutt på ordskiftet**

Arbeidsgruppa har drøfta teksten i dette punktet opp mot dagens praksis – og har konkludert med at ein ynskjer at taletid skal organisert slik det er gjort greie for i reglementet. Her har det vore ein annan praksis dei siste periodane. Det er likevel opp til ordførar og gruppeleiarar og foreslå ei best mogeleg ordning i større saker der det er behov for taletid. Arbeidsgruppa har også drøfta generell tidsbruk i ordskifte i møta, og det har til no vore ein «romsleg» bruk av tid. I enkelte høve har dette ført til at møta drar ut i tid. Arbeidsgruppa drøfta også tidsbruk til orienteringar frå eksterne, som også bør handhevast strengare i høve tidsbruk.

#### **§19 – Spørsmål og interpellasjonar**

Ordninga med spørsmål har ikkje vore praktisert i inneverande periode. Ein bør under opplæring av folkevalde gå igjennom dette og sjå på skilnaden på spørsmål og interpellasjonar.

#### **§21 – Tidspunkt for kommunestyremøtet**

Arbeidsgruppa har drøfta tidspunkt for møtestart både for kommunestyret, formannskap og faste utval. Dagens reglement tar utgangspunkt i at møta normalt skal starte kl 1200. Det er i reglementet opning for at ein kan ha annan møtestart, noko som har vore praktisert i ulik grad. I høyringa kom formannskapet med innspel på at ein bør vurdere å endre reglementet slik at ein i utgangspunktet har heildagsmøte – møtestart kl 0900. Arbeidsgruppa har drøfta dette – og det er ulike meiningar om effekten av endra møtetid. Nokon meiner at ei endring av møtetidspunkt vil styrke moglegheita for bla småbarnsforeldre å bidra i politikken, mens andre meiner det gjer det vanskeleg i høve til å vere mykje borte frå arbeid. Ein har også ulike arbeidstider og skiftordningar, og endringar kan gje ulike utslag for desse. Dersom ein går over til heildagsmøte vil ein få meir utgifter til tapt arbeidsforteneste. Her er det også i dag ulik praksis – mange i offentleg sektor krev ikkje dekning av tapt arbeidsforteneste – og det kan slik sett sjå ut som om det er høgare kostnad knytta til representantar frå det private næringslivet. Adm bør vurdere denne praksisen.

Ein har siste året endra måte å jobbe på og gått over til å etablere prosjekt der ulike styringsgrupper er oppnemnde. Møter i desse styringsgruppene bør tidfestast og ikkje inngå som ein del av ordinære møter. Når det gjeld politisk fokus, så vil det i neste periode verte mykje jobb med kommunereforma. Dette kan gjere at det kan vere behov for auka tidsbruk for politiske organ utover det som har vore vanleg i denne perioden.

Arbeidsgruppa vil ikkje komme med nokon tilråding på dette punktet, og meiner at det er opp til det nye kommunestyre å evt gjere endringar her.

#### **§22 – Opplæring og informasjon til folkevalde**

Dette er eit særst viktig punkt, og opplæring må ha nok fokus både i starten av perioden og undervegs. Jfr uttalen frå Plan og Miljø er det særst viktig at dette utvalet får grundig opplæring, her under kurs i Plan og Bygningssloven. Her er det også viktig med erfaringsoverføring frå gamalt til nytt utval, og arbeidsgruppa ynskjer at ein har eit fellesmøte – evt med gamal og ny leiar for å få mest mogeleg kunnskap med vidare.

Når det gjeld gjennomføring av sjølv opplæringa er det viktig å ha fokus på at ein har både nye og erfarne representantar, og ein bør vurdere om noko av opplæringa kun skal vere for nye politikarar. Det er likevel viktig at opplæringa blir ein arena for erfaringsoverføring slik at mest mogeleg må vere for alle representantar som skal jobbe saman. Her er dialog og gruppearbeid viktig for å lukkast. Ein kan også med fordel ha eigen opplæring for dei ulike utval – for å slå fast kva som er utvalet si rolle og korleis ein skal jobbe.

### **§18 – Røystinga**

Endring i første line frå 2/3 fleirtal til vanleg fleirtal jfr lovendring – eiga sak til kommunestyret.

### **§23 – Orden i kommunestyresalen**

Arbeidsgruppa hadde ei generell drøfting om orden i møta. Ein ser at det i dag er enkelte som forlèt plassen sin for å ta telefon eller liknande. Dette skapar uro, og arbeidsgruppa meiner at ein i større grad enn no må ha løyve frå møteleiar for å forlate plassen sin. Det er også viktig at møteleiar har fokus på at det blir gjeve tilstrekkeleg med pausar i møtet.

### **3. Reglement for formannskapet.**

Viser til uttale frå formannskapet – og §21 om møtetidspunkt

### **Politisk samordningsoppgåver**

Arbeidsgruppa meiner at formannskapet bør inn i ei meir aktiv rolle i høve til større planarbeid innan næring og samfunnsutvikling. Dømer på dette er pågåande arbeid med områdeplan for Knarvik og utviklinga på Mongstad. Dette er planar som krev kommunal medverknad for å få dei gjennomført, og det er derfor viktig at formannskapet er med for å få dette inn i overordna økonomiske og strategiske rammer.

### **Serverings- og skjenkeløyve**

Arbeidsgruppa påpeikar at dagens ordning med at serveringsløyver skal opp i formannskapet ikkje er nemnd i reglementet. Ein har også drøfta om skjenkestader som er i tråd med vedtatt plan skal opp, men arbeidsgruppa tilrår ikkje endringar på dette punktet.

### **4. Reglement for levekårsutvalet.**

Arbeidsgruppa har ingen spesielle merknader utover drøftingane som er generelle om møtestart og tydlegare skilje mellom levekårs møte og møter i styrings/prosjektgrupper.

### **5. Reglement for plan – og miljøutvalet**

#### **Endring i saksbehandlinga – jfr kommunestyresak – KS 53/13 (sak 2013/2092).**

Utvalet har endra praksis i løpet av perioden i høve behandling av dispensasjonssaker, noko som bør rettast opp i reglementet.

#### **Tal møte – jfr ny plan og bygningslov.**

Jfr ny plan og bygningslov, er det lagt opp til kortare tidsfrist for dispensasjonssaker. Dersom ein skal vidareføre dagens praksis og delegasjon, kan det medføre at ein har behov for oftare møter i utvalet. Dagens reglement opnar for at ein kan ha fleire møter, men det normale er å ha møter veka før kommunestyret. Nytt kommunestyre bør ta stilling til om ein skal ha fleire faste møtet i utvalet etter å ha evaluert effekten av ny plan- og bygningslov.

## **6. Reglementet for kontrollutvalet.**

Arbeidsgruppa har ingen innspel, og meiner utvalet fungerer godt jfr reglement.

## **7. Reglement for eldrerådet.**

Utvalet er lovpålagt og saksområdet og uttalerett etc er lagt opp i høve til dette.

Viser til mottatt innspel får utvalet, og arbeidsgruppa sine kommentarar til dette:

### **Politisk representant**

Arbeidsgruppa har drøfta kven som bør vere politisk representant i gruppa. Ut i frå saksområde til dei ulike utvalet, vil det vere naturleg at ein knyter sterkare kontakt mellom levekårsutvalet og eldrerådet. Sakene som levekår behandlar, har ofte uttale frå eldrerådet. Arbeidsgruppa vil peike på at ein meiner at det er ein fordel om eit medlem av levekårsutvalet også er politisk representant i eldrerådet.

### **Sakliste**

Arbeidsgruppa viser elles til kulepunkt 6 i reglementet der det står at Rådsleiaren skal, i samråd med ordføraren eller rådmannen, setja opp sakliste til rådsmøta. Arbeidsgruppa meiner at det er viktig med ein god dialog her, men at dette ikkje skal skje i det oppsette utvalsleiar møte. Ein bør heller ha møte/dialog etter dette møtet med leiar for eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

### **Byggeprosjekter for eldre**

Arbeidsgruppa meiner det er viktig at eldrerådet er representert i større utbyggingsprosjekt for eldre, og at ein i slike tilfelle bør vurdere om representant for eldreråd går inn i styringsgruppe eller referansegrupper. Viser elles til sak om prosjektstyring i Lindås kommune som er vedtatt av kommunestyret.

### **Val – nye medlemmer til Eldrerådet.**

Arbeidsgruppa meiner at det er viktig at eldrerådet gjennom sine medlemmer sjølv går aktivt ut til pensjonistlag og aktuelle lag og organisasjonar for å rekruttere nye kandidatar. Ein kan her få praktisk hjelp frå administrasjonen – men utvalet sjølv må vere den aktive parten her. Representantar til eldrerådet blir valt saman med øvrige val i nytt kommunestyre.

### **Interpellasjon.**

Jfr gjeldande reglement har eldrerådet høve til å sende interpellasjon til ordføraren. Ein har også uttalerett i kommunestyre og underliggjande utval, og møter etter avtale med ordførar eller

utvalsleiar. Arbeidsgruppa er oppteken av god dialog med utvalet, og dette er gode kanalar for å få komme med innspel til politikarane.

### **8. Reglement for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.**

Arbeidsgruppa meiner at utvalet fungerer i samsvar med reglement. Viser elles til kommentar under eldrerådet, og oppmodar utvalet å ha fellesmøter med eldreråd ved behov. Syner også til punkta om sakliste, og uttalerett i kommunestyre og underliggjande utval.

### **9. Reglement for Ungdomsrådet.**

Arbeidsgruppa har ikkje motteke innspel frå rådet. Arbeidsgruppa er oppteke av god dialog med ungdomsrådet, og oppmodar ordførar til at ein har årleg møte med ungdomsrådet og politisk nivå.

### **10. Reglement for administrasjonsutvalet.**

Viser til uttale frå utvalet, og arbeidsgruppa er samd i at også dette utvalet kan ha saker som ein organiserer som eige prosjekt med utvalet som styringsgruppe.

### **11. Reglement for den særskilde klagenemda**

Ingen merknader

### **12. Reglement for valnemda**

Ingen merknader

### **13. Reglement for Ordførar og Varaordførar.**

Utvalet har drøfta arbeidsfordeling mellom ordførar og varaordførar. Det vart også drøfta utfordringar som kan oppstå i og med at Lindås kommune pr i dag har varaordførar som er frikjøpt med 40% ordførargodtgjersle.

Det er sær viktig at ein har ei tydeleg rollefordeling mellom ordførar og varaordførar, samtidig som det er viktig at verken innbyggjarar og politisk nivå vert usikker på at det er ordføraren som er den fremste tillitsvalte, og skal representere kommunen utåt samt vere bindeledd og formidlar av synspunkt mellom dei folkevalde og administrasjon (jfr reglementet).

Utvalet peikar på formalitetane under pkt 6 – dersom varaordførar skal tre inn.

Utvalet peikar også på at ordførar kan la seg representere av varaordførar eller annan kommunestyrepreressant. Det er likevel viktig å fastslå at dette evt skjer utan at vedkommande overtar ordføraren sitt ansvar og rettar – jfr reglementet.

Utvalet drøfta også storleiken på frikjøpsordninga for varaordførar. Dagens ordning skal dekke alle møter varaordførar skal ha, både i utval, kommunestyre og andre råd og utval vedkommande er vald inn i. Arbeidsgruppa har ulikt syn på om varaordførar bør ha ei fast godtgjersle på 40% eller 20%. Det er likevel semje om at ein bør prøve å leggje opp til at varaordførarrolla blir så forutsigbar som mogeleg – og at ein prøver å leggje opp til faste dagar i veka. Arbeidsgruppa meiner det er opp til nytt kommunestyre og evt vedta endringar på dette punktet.

#### **14 . Reglement for delegasjon til rådmannen.**

Arbeidsgruppa har ingen kommentarar til punktet. Arbeidsutvalet har ikkje gått igjennom delegasjon jfr pkt e.

#### **15. Komitear, utval og verv.**

Arbeidsgruppa bed administrasjonen å oppdatere denne. Ein peikar på at det er gjort endringar i høve overtakstnemd, overformynderi, SU Festo skule og styringsgruppa for utbygging.

#### **16. Supplering av medlemmer til levekårsutvalet og plan- og miljøutvalet.**

Ingen merknader

#### **17. Opne høyringar.**

Arbeidsgruppa har drøfta dette punktet og er usikker i høve bruken og kva som er meint med opne høyringar. Arbeidsgruppa meiner at slik reglementet ligg no har ikkje slike høyringar vore praktisert. Samstundes har ein hatt folkemøter og høyringar i høve større planar – men punktet om talerett og uttalerett har då ikkje vore praktisert. Arbeidsgruppa bed om at dette punktet blir utgreidd nærare av administrasjonen før reglementet blir rullert i neste kommunestyreperiode.

#### **18. Arbeidsvilkår og godtgjersle for folkevalde**

Arbeidsgruppa har gjort fylgjande vurderingar:

##### **Justering av godtgjersle**

I andre avsnitt står det at alle summar skal justerast årleg i samsvar med lønnsutviklinga/budsjetthandsaming. Det er stort sett ordførargodtgjersla som her har vore tema, og slik sett blir dei faste beløpa skjeldan vurdert og endra.

##### **Godtgjersle til leiarar av utval.**

Arbeidsgruppa meiner at det bør vurderast om også leiar for valnemd skal ha eiga godtgjersle – td som leiar i eldreråd. Ein bør også opne opp for at leiar av styringsgrupper/større prosjekt og arbeidsgrupper som kommunestyret sett ned bør få eiga godtgjersle.

##### **Godtgjersle for møter som ikkje er faste – tapt arbeidsforteneste.**

For møter i styringsgrupper skal ein ha godtgjersle jfr pkt 3. Er viktig at dei folkevalde får god opplæring og rådgjeving i høve tapt arbeidsforteneste. Dersom den folkevalde eller administrasjon er usikker i tolkingsspørsmål, skal slike saker leggjast fram for formannskapet.

Ved rullering meiner arbeidsutvalet at ein må ta ein gjennomgang av arbeidsvilkår og godtgjersler opp mot andre samanliknbare kommunar. Det er ulik praksis i høve frikjøp og fast godtgjersle – men dette er noko kommunestyre må ta stilling til ut i frå aktuelt behov.

#### **19. Budsjettreglement**

Ingen merknader

## **20. Rapportering frå rådmann.**

I tillegg til rapportering pr 1. kvartal og 2. tertial får no formannskapet meldingar om den økonomiske utviklinga i samtlege møter. Arbeidsgruppa har ingen merknader til punktet.

## **21. Administrativ organisering**

Arbeidsgruppa ber administrasjonen leggje inn oppdatert organisasjonskart.

## **22. Endring av reglement**

Ingen merknader